

# Søknad til Hordaland fylkeskommune

## om brukte PC-ar til Peace Village, Kuron, Sør Sudan

Søknad 28.02.2018

**Søkjjar:** *Norwegian Friends of Peace Village, Kuron*  
**Mottakar av PC-ar:** *Education Project, Peace Village, Kuron*

### Bakgrunn

Biskop Emeritus Paride Taban (82), katolsk biskop i Sør Sudan starta 1999 Holy Trinity Peace Village i Kuron, East Kapoeta State, i Sør Sudan. Eit lite freds- og utviklingsprosjekt.

Sudan har sidan 1956 vore prega av borgarkrig, store delar av befolkninga har vore på flukt i mykje av denne perioden. Det har resultert i at store delar av landet gjennom to generasjonar nesten ikkje hatt tilbod om offentlege tenester, mellom anna skulegang.

Kuron er ein lokalitet heilt i det sør-austre hjørnet av det som no er Sør Sudan, ikkje langt frå grensene til Etiopia og Kenya. Her lever fleire folkegrupper/stammer. Desse er halvnomadar med mykje kveg. Det er rekna at om lag 97 % av folket her er analfabetar.

Husdyrhaldet pregar sterkt levesettet til folka i dette området. Både tilgang på beite og vatn, men og kulturelle årsaker gjer at det tradisjonelt har vore konflikhtar mellom folkegruppene.

Biskop Paride Taban, har gjennom heile si meir enn 50-årige teneste som prest og biskop vore ein fredsforkjempar, og ønskte å bidra til å skapa fred mellom stammene i områda rundt Kuron. Han ønskte og å få i gang utdanning, helsetilbod og utvikling. Difor starta han Peace Village, i eit område som var, og er utan andre tilbod, og der lokale myndigheiter ikkje har kapasitet til å vera til stades.

Det er ekstremt krevjande å operera dette prosjektet, både på grunn av situasjonen i Sør Sudan, og på grunn av lokaliseringa, med lange og dårlege forsyningslinjer, langt frå myndigheiter og organisasjonar det er naudsynt å samarbeida med, og med konflikhtar og væpna uro. All aktivitet i prosjektet må finansierast med gåver og annan prosjektstøtte. Sør Sudanske myndigheiter er støttande til prosjektet, men har berre evne til å gje små økonomisk bidrag.

Biskop Emeritus Paride Taban og prosjektet har fått stor positiv merksemd, og på bakgrunn av dette er Paride Taban tildelt Four Freedoms Award i 2018, ein pris utdelt av Roosevelt Institute, og som han skal motta i Nederland i mai.

I Kuron har det sidan tidlege i prosjektperioden vore drive ein Nursery School, ein Primary School, og dei siste åra og eit opplæringscenter for meir praktiske fag, både for gutar og jenter. Det har vore krevjande å motivera folka i området til å senda borna på skule, med deira tradisjonelle livsstil har dei ikkje sett nytteverdien av skulegang og utdanning. Men gjennom dei åra Peace Village har eksistert, har dette endra seg smått om senn, og det er aukande tal elevar frå nærområdet. Elevtalet svingar noko frå år til år, men varierer frå om lag 200 til godt over 300. For tida er det om lag 60 elevar i Nursery School, om lag 200 i Primary School og vel 20 i opplæring i praktiske fag.

Folk lever spreidd i dette området, og det ikkje er biltransport her, - folk må gå. Difor må dei aller fleste av elevane bu i internat drive av Peace Village.

For prosjektet generelt, og for alle desse utdanningseiningane i prosjektet er det heile tida ein kamp for å finna midlar både til lønningar og utstyr, til mat, og til den naudsynte forsyningstenesta og administrasjonen.

Skulane disponerer i dag 4-5 pc-ar totalt til bruk både for lærarane og elevane. Finansiering av pc-ar er ei stor utfordring, og har i liten grad vore mogeleg.

Det er difor særst ønskjeleg å få ei tildeling av brukte PC-ar frå Hordaland fylkeskommune, både til bruk for lærarar, men og for bruk i undervisninga der elevane skal få praktisk opplæring på datamaskiner, noko som i dag er naudsynt i dei aller fleste yrke, og i Sør Sudan.

Dersom Peace Village får tildelt PC-ar vil halvparten av desse bli reservert for bruk i elevundervisninga i dei øvre klassane på primary school (6 – 8. klasse).

Norwegian Friends of Peace Village er ein organisasjon som er registrert i Brønnøysund, organisasjonsnummer: 995746425.

Organisasjonen har eitt føremål: Å støtta Peace Village i Kuron økonomisk, med kompetanse og på andre måtar der ein har mogelegheiter. Medlemmer er personar som gjev minimum 2400 kr årleg i økonomisk stønad. Dei fleste av medlemmane har tidlegare arbeidd i Sudan og/eller Sør Sudan.

**Norwegian Friends of Peace Village søker med dette om tildeling av 6 brukte laptop PC-ar. Men tar sjølvsagt gjerne imot fleire.**

For Norwegian Friends of Peace Village Kuron

Per Nordmark  
Leiar

Bogavegen 165, 5725 Vaksdal  
Telefon +4747418514  
Epost: [pnordmark@yahoo.no](mailto:pnordmark@yahoo.no) og [per.nordmark@hfk.no](mailto:per.nordmark@hfk.no)